



Fylkesmannen i Vestland

Vår dato:

22.03.2019

Vår ref:

2019/4068

Dykkar dato:

08.02.2019

Dykkar ref:

18/36921

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Mjømnevatnet og Randalsvatnet - Gulen - produksjon av settefisk

Fylkesmannen vurderer at regulering og uttak av vatn frå Mjømnevatnet og Randalsvatnet kan få negativ konsekvens for sjøaure, men at planlagt minstevassføring i stor grad vil avbøte skaden på fiskeproduksjonen. Elva frå Randalsvatnet, som har den klart største smoltproduksjonen i dag, vil verte mindre påverka enn elva frå Mjømnevatnet, som har lite sjøaure.

Det er ein føresetnad at ålen kan vandre mellom sjøen og dei to vatna. Nøyaktig, teknisk utforming av dei avbøtande tiltaka for ål må difor planleggjast i samråd med ein fagleg kvalifisert person, og tiltaka må evaluerast for å dokumentere at dei får den tilsikta effekten.

Vidare ber vi om at vert sett vilkår om å unngå arbeid i hekketida for raudlista fugleart, om denne oppheld seg i nærområdet til planområdet.

Vi ber om å få detaljplanen på høyring.

Vi viser til oversendinga 8. februar 2019.

Bakgrunn

Firda Seafood Group AS søker om løyve til å ta ut vatn til eit nytt resirkuleringsanlegg for settefiskproduksjon i Mjåsund næringspark. Søknaden gjeld uttak av 50 l/s frå Mjømnevatnet, regulering av Mjømnevatnet mellom kote 22,5 og 25, regulering av Randalsvatnet mellom kote 19,1 og kote 19,6, og overføring av vatn frå Randalsvatnet med pumpe (100 l/s) til Mjømnevatnet. Planlagt slepp av minstevassføring er 25 l/s frå Randalsvatnet og 10 l/s frå Mjømnevatnet.

Konsekvensar for naturmiljø

I konsekvensutgreiinga er det konkludert med at vassuttak og regulering av dei to vatna vil få «*liten negativ konsekvens*» for fisk og ferskvatn, føresett minstevassføring og avbøtande tiltak for ål og sjøaure.

Det er registrert ål (raudlista, VU) i Mjømnevatnet og Randalsvatnet. Ifølgje konsekvensutgreiinga skal foreslått minstevassføring vere tilstrekkeleg til å sikre ålen vandringsveg i dei to elvane, og det

E-postadresse:
fmvlpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665



skal leggjast til rette for oppstraums og nedstraums vandring forbi demningane. Det er ein føresetnad at ålen kan vandre fritt mellom sjøen og dei to vatna. Det må difor nyttast fiskefagleg kompetanse ved detaljplanlegginga og etableringa av vandringsvegen, og tiltaka må evaluerast for å dokumentere effekten.

Begge utløpselvane er sjøaureførande opp til naturleg vandringshinder nedstraums utløpa av vatna, og det er difor ikkje planlagt tiltak for å sikre vandring forbi demningane. Små kystvassdrag kan gi eit viktig bidrag til den samla produksjonen av sjøaure og til sportsfisket i sjøen. I fagrapporten er det vurdert at årleg smoltproduksjon er under 50 smolt i elva frå Mjømnevatnet, og 3-400 smolt i elva frå Randsvatnet ned til samløpet med elva frå Midtbøvatnet. Då reguleringsplanen var på høyring låg det også inne planar om vassuttak frå Midtbøvatnet. Konsekvensutgreiinga vurderte at denne greina av vassdraget er den viktigaste for sjøaure, og det vart ikkje gått vidare med planane om dette vassuttaket.

Planlagt vassuttak vil redusere vassføringa i dei to sjøaureelvane, og redusert vassdekt areal og vassvolum vil ha negativ effekt på fiskeproduksjonen. Med minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring vil dei lågaste og mest kritiske vassføringane gjennom året derimot verte høgare enn utan regulering, og konsekvensutgreiinga vurderer at dette vil avdempe dei negative verknadene.

For å kunne vandre frå sjøen og opp til gyteplassane, vil sjøauren vere avhengig av flaumar som er store nok til å ha effekt på dei to elvane. Endra vassføringsregime i elva frå Randsvatnet vil også påverke elva nedanfor samløpet med elva frå Midtbøvatnet, og sjøaure i denne greina av vassdraget kan dermed også påverkast om vandringa opp til samløpet vert vanskelegare. Sidan Randsvatnet skal regulerast innanfor naturleg variasjon, og ofte vil vere på høgste nivå, vil små til middels regnvassflaumar framleis gi positiv effekt på vassføringa, og dermed leggje til rette for fiskevandring. Elva frå Mjømnevatnet vil derimot i tørre år i stor grad liggje på alminneleg lågvassføring, og det kan verte problem for fiskevandringa enkelte år (fig. 5 i det hydrologiske dokumentasjonsvedlegget).

Det er registrert to førekomstar av ein raudlista fugleart på høvesvis Sandøyna og Byrknesøyna, og denne er følsam for forstyrring tidleg i hekketida (januar-april). Dersom det gjennom nærare undersøkingar (som Fylkesmannen er i ferd med å gjennomføre) skulle vise seg at arten oppheld seg i nærområdet til dei to aktuelle vassdraga, kan det vere aktuelt å sette krav om å unngå anleggsverksemd i hekketida. Det bør stillast vilkår i ein konsesjon om at det skal takast slikt omsyn.

Konsekvensar for landskap og friluftsliv

Det er omtalt i konsekvensutgreiinga at det er opparbeidd fleire turmål i nærområdet, men at reguleringsplanområdet for Mjåsund næringspark er lite brukt til friluftsliv i dag. Etablering av demningar og regulering av vasshøgde vil likevel ofte få noko negativ effekt på lokalt friluftsliv. Vi legg til grunn at det vert stilt krav om best mogleg terrengtilpassing og utforming av anlegga, slik at inngrepa i minst mogleg grad vil dominere landskapsopplevinga.

Vassforskrifta

Vi minner om at vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum «god økologisk tilstand». Forskrifta opnar ikkje for at det kan gjennomførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12. Etter det vi kan sjå er ikkje tiltaket vurdert etter § 12 i vassforskrifta.

Drikkevassuttak

Det må stillast krav om at drikkevassforsyninga til hyttene som tek vatn frå Mjømnevatnet vert sikra, slik det òg er omtalt i søknaden.



Med helsing

John Anton Gladsø
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi: Gulen kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Miljødirektoratet
Firda Seafood Group AS